



Anna Ulrika Nordlund
Mykingvegen 272
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1136 - 18/9683

Saksbehandlar:

Dina Dyrhovden

dina.dyrhovden@lindas.kommune.no

Dato:

21.03.2018

Referat frå møte i kommunalt foreldreutval 20.03.18

Møtet fann stad på Rådhuset, Formannskapssalen i 3. etg

Desse møtte: Arne Ramslien, Stein Juan Carlos Fyllingsnes, Kristin Trædal og Benedicte Rikstad.

Meldt forfall: Anne Nordlund, Tore Gjerstad, Ingrid Hindenes, Eilen Korneliussen, Isabell Antonissen

Frå administrasjonen møtte rådgjevar Dina Dyrhovden.

Sak 09/18 Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjent.

Sak 10/18 Godkjenning av referat frå møte 06.02.18
Godkjent.

Sak 11/18 Førebygging og § 9a

Kva erfaring har skulane gjort i høve til bruk av mobiltelefon i skuletida?

Kommunalt foreldreutval hadde fått innspel frå Knarvik ungdomsskule, Ostereidet ungdomsskule og Knarvik barneskule.

Stikkord frå drøftinga.

- Det er ynskje om tydelegare og felle reglar
- Bruk av mobiltelefon i undervisinga som ertatning for manglande tilgjengeleg digitalt utstyr
- Tilgang til dataverktøy i skulen
- Gratisprinsippet

Vidare arbeid:

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



FAU ved Knarvik ungdomsskule jobbar med sak om tilgang til digitalt utstyr.
Kommunalt FAU vert orientert om utviklinga.
Leiar formulerer uttale.

Sak 12/18 Måltid i skule og SFO

Oppfølging av sak 04/18: Kommunalt foreldreutval vil oppfordre skulane til å legge godt til rette for måltid. Setje av tid og hjelpe elevane med å halde fokus. Leiar i KFU utarbeider framlegg til eit brev som vert sendt til skulane.

Sak 13/18 Innspel frå KFU til innhald på Temasamling våren 2019

Kommunalt FAU inviterer FAU i alle skular og barnehagar til å kome med innspel om aktuelt tema.

Sak 14/18 Kommunalt trafikksikringsutval

Det var oppstartsmøte i Kommunalt trafikksikringsutval 12.03.18.

Prioriteringar. Haldningsskapande arbeid. Fysiske tiltak.

Leiar i KFU er medlem. Frå oppvest deltek Dina Dyrhovden. Det vart orientert frå første møte.

KFU meiner: Kommunalt trafikksikringsutval må arbeide breitt, ikkje berre fokusere på veg. Trafikksikring er haldningsskapande arbeid og bevissthet og fokus i kvardagen. Haldast varmt. Det kjem stadig nye foreldre, nye barn. Bruke dei arenaer som er; tema på foreldremøte, info ut på heimesida, sosiale medier, kampanjer, lokalpressa. Det er «lett» å bli trafikksikker kommune. Få trafikksikkerhet inn i årshjul. Ressurside. For elevane: Sykkeldag. Trafikkreglar. Få til eit godt samarbeid med / spele på lag med Trafikkfaglig Samarbeids Utval – har fått prosjektmidlar. Bruke frivillige.

Innspel kan sendast til leiar i KFU, Benedicte Rikstad.

Sak 15/18 Møteplan

Leiar kjem med framlegg til møteplan

Ordinært møte: 08.05.18 kl 1730.

Årsmøte: I slutten av mai. Leiar avklarar dato med aktuell innleiar.

Sak 16/18 1 time bevegelse om dagen

Leiar delte ut aktuelt fagstoff.

<https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/8wBoJE/ein-time-dagleg-fysisk-aktivitet-i-skulen-er-mogleg-aa-faa-til>

<https://kreftforeningen.no/forebygging/fysisk-aktivitet/en-times-fysisk-aktivitet-hver-dag-i-skolen/>

Kommunalt FAU understrekar at dette kom inn i Kvalitetsplan for oppvekst. KFU er opptekne av at dette vert realisert i skulane i kommunen.

Kommunalt FAU planlegg å hente inn førelesar til tema 1 time fysisk aktivitet på årsmøtet slutten av mai.

Sak 17/18 Innhald i SFO

Det pågår no ei nasjonal evaluering av SFO. Lindås kommune er plukka ut til å levere innspel.

Lindås kommune har nettverk for sfo-leiarar/ansvarlege. Målet for nettverket er arbeid med kvaliet i SFO med utgangspunkt i Kvalitetsplan for oppvekst, vaksenrolla, innhald, måltid og fysiske aktivitet, læring og utvikling. SFO er ein viktig arena for mange barn i Lindås og er viktig i overgangen mellom barnehage og skule. SFO er inkludert i utviklingsarbeidet STYRK som handar om styrking av det ordinære tilbodet i barnehage og skule.

Sak 18/18 Foreldredemokrati

Kommunalt foreldreutval drøfta korleis få til ein felles forståelse i foreldregruppa i ein klasse. Kva er det ein stemmer over? Kva som ein finn «minneleg» løysingar på? Kva kan fleirtalet bestemme? Kva må ein kunne bestemme sjølv?

Sak 19/18 Eventuelt

Frammøtemønster: Det kan vere ulike start og sluttidspunkt mellom skulane og for elevar på ulike trinn. Årstimetar, skuleskyss og andre tilhøve må takast omsyn til. Dette er ei sak for samarbeidsutvalet der elevar, tilsette og foreldre er representerte. Frammøtemønster er ei sak som er skulen avgjer.

Dina Dyrhovden
Rådgjevar og skrivar i KFU

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anna Ulrika Nordlund, Arne Rudolf Ramslie, Benedicte Rakel Rikstad, Eilen Korneliussen, Ingrid Hindenes, Isabell Anthonissen Hansen, Kristin Tredal, Stein Juan Carlos Lopez Fyllingsnes, Tore Gjerstad	Mykingvegen 272	5913	EIKANGERVÅG
Arne Rudolf Ramslie	Hagellia 25	5914	ISDALSTØ
Benedicte Rakel Rikstad	Kapperdalsvegen 170	5912	SEIM
Eilen Korneliussen	Spiki 22	5955	LINDÅS
Ingrid Hindenes	Svindalsvegen 40	5913	EIKANGERVÅG
Isabell Anthonissen Hansen	Uglåsvegen 47	5957	MYKING
Kristin Tredal	Trælandsvegen 89	5956	HUNDEVIN
Stein Juan Carlos Lopez Fyllingsnes	Fyllingsnesvegen 43	5913	EIKANGERVÅG

Mottakarar:
Tore Gjerstad

Maråsvegen 258 5955

LINDÅS